



Reigstad Bygg og Eigedom AS  
Osterfjordvegen 124  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2096 - 19/34285

Saksbehandlar:

Eilin Houlison Molvik

Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:

21.11.2019

## Ferdigattest - 4-mannsbustad nr 1 felt BK1 Kubbaleitet - gbnr 137/66 Alver

### Administrativt vedtak. Saknr: 673/19

**Tiltakshavar:** Sommerro Panorama AS

**Ansvarleg søkjar:** Reigstad Bygg og Eigedom AS

**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 13.09.18. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 18.11.19.

Ved gjennomgang ser vi at det i kommunen si saksutgreiing i vedtak datert 13.09.18 er oppgjeve at samla bruksareal for 4-mannsbustaden er på 223 m<sup>2</sup>, rett bruksareal (BRA) samla for 4-mannsbustaden skal være 320 m<sup>2</sup>.

### Skildring

|                 |  |
|-----------------|--|
| Adresse:        | Gbnr. 137/817 - Kubbaleitet nr 69 A, B, C og D |
| Bygningstiltak: | 4-mannsbustad                                  |
| Bygningsnummer: | 300727320                                      |
| Bruksareal:     | 320 m <sup>2</sup>                             |
| Vatn og avlaup: | offentleg                                      |
| Tal på røykløp: | 0  |

### VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for 4-mannsbustad nr 1 innan felt BK1 i reguleringsplan Kubbaleitet/planid. 1263-201215 på eigedom gbnr. 137/817 (oppheveleg gbnr. 137/66).**

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2096

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Kopi til:**

|                             |                     |      |          |
|-----------------------------|---------------------|------|----------|
| Reigstad Bygg og Eigedom AS | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |
| Sommerro Panorama AS        | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |
| Sommerro Panorama AS        | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |

#### **Mottakarar:**

|                             |                     |      |          |
|-----------------------------|---------------------|------|----------|
| Reigstad Bygg og Eigedom AS | Osterfjordvegen 124 | 5914 | ISDALSTØ |
|-----------------------------|---------------------|------|----------|